

Presisering om opprydding etter NINA

10.03.2015

Uskedal utvikling har motteke merknader til innlegget om opprydding etter stormen NINA. Oppryddinga i Uskedalen er for det meste ei privat sak. Kvar grunneigar må rydde i si strand. Sjølv om det meste av strandsona i Uskedalen er privat, er det likevel noko som er av meir allmenn interesse. Dette gjeld mellom anna badestranda på Stølavikjo, i båthamna, ved campingplassane og i elveosen. Her vil det vera naturleg at vi tek eit felles tak og skipar til ein ryddedugnad med løyve til å brenna på plassen. Det kommunale friområde på Korsnes tek velforeninga ansvaret for.

Slik innlegget på uskedalen.no no er skrive vert det lett oppfatta som Uskedal utvikling skal involvera seg i opprydding etter skaden på sjøbua på Neset. Det er ikkje rett. Her må vi klart skilja mellom det som er privat og det som er av meir allmenn interesse.

Syner elles til styresak 4/2015 i Uskedal Utvikling 04. mars.

Kristian Bringedal